

### 1. Førebuingar til oppdraget.

- Dialog med Dyrsku'n arrangement.
  - Det blei halde eit forberedande møte med Dyrsku'n arrangement og leiar for Morgedølane allereie før ferien. Kor føringane for årets oppdrag blei presentera.
- Informasjon til Morgedølar
  - Ei månad før Dyrsku'n vart det kalle inn til obligatorisk informasjonsmøte for alle som var ført opp på arbeidslistar. Møte vert halde på fire ulike arbeidsdagar slik at flest mogleg kunne finne ein høveleg kveld å delta på. På møtet blei presentasjonen frå Dyrsku'n lagt fram samstundes med at det også vart gjeve informasjon for Morgedølar spesielt. Til saman var det 67 av dei 81 personane på lista som møtte opp.
  - På informasjonsmøte for vaktleiarar var det fleir frå Morgedal som deltok. Nokon av konns vaktleiarar hadde vore med på dette tidlegare.
- Sosiale media
  - Det blei oppretta ei Facebook-gruppe; Dyrskudugnad Morgedal. For å gje kontinuerleg oppdatering om framdrifta og deling av naudsynte dokument og anna informasjon. Gruppa har 57 medlemmar som alle var set opp på arbeidslistene. Tatt i betraktning alderen på Morgedals innbyggjarar finn me detta svært tilfredsstillande. Det viste seg fort a denne gruppa raskt delta informasjon og gav tips til andre medlemmar om arbeidsoppgåver og utfordringar. Facebook gruppa
  - Dølehalli si heimeside; [www.dolehalli.no](http://www.dolehalli.no), oppretta ei eige side for dokumentar som var relevante for arbeidet. Her kunne alle gå inn og hente naudsynt dokumentasjon som var sendt konn frå Dyrsku'n arrangement samt alle dokumentasjon produsert lokalt vedr. oppdraget. Sida hadde frå 35-65 daglege nedlastingar dei dagane oppdraget varte. Sida vart oppdatera to gonger pr dag i heile planleggingsperioden og under Dyrsku'n.
  - Når arbeidslistene var ferdige blei det utforma ei kontaktliste med alle namn, adresse, e-post og telefon til samlege personar på listene. Hensikten var å bygge inn sikkerheit for at det skulle vera lett å bytte og også lett å skaffe vikar om ein ikkje kunne stille til oppdrag.

### 2. Kva for oppgåver vart utført og av kven – jf. avtala/instruks

- Utførte oppgåver
  - Avtale inneheld følgjande oppgåver: Vaktleiar, vaktinnsjekk, portvakter og trafikkhandtering. Me hadde kontinuerleg bemanning som gjekk som vaktleiarar kvar dag Dyrsku'n var ope for besøkande. Dei same dagane hadde me og ansvar for innsjekking av vakter for alle dei ulike gruppene som deltek i dugnadsarbeidet. Vidare deltok me som vakter i alle portar under utstillaranes førebuingar og i besøksperioden. Oppdraget blei avslutta med trafikkhandtering under utkøyring på sundag kveld.

### 3. Nøkkeltal – kor mange personar involvert/timar bruka

- Antall personar
  - Frå Morgedal stilte me i alt med 82 vaksne personar fordelt etter nærmare angjevne lister på dei ulike oppdraga. Ut over detta har styret i Dølehalli grendelag vore engasjera i førebuingar til arbeidet.

- **Utførte timar**
  - Vaktlistene visar at dei planlagde timane var; 375,5
  - Timar nytta til å halde informasjonsmøte; 8,0
  - Timar nytta til deltaking på informasjonsmøte; 106,5
  - Timar til planlegging og oppfølging av dugnadsarbeidarar; 34,0
  - Ekstra timar til trafikkhandtering / utkøyring på sundag; 5,5

#### 4. Korleis vart oppgåva løyst – gjennomføring

- **Vaktinnsjekk**
  - Dei som hadde denne oppgåva hadde nesten alle samene erfaring frå tidlegare. Til tross for at systemet var endre frå tidlegare oppfatast dette som ei forenkling.
- **Køyreportar**
  - Også her hadde dei fleste Morgedølane tidlegare erfaring og gjennomførte oppgåva etter dei instruksane som ble gjeve
- **Vaktleiar**
  - I år hadde me nokon nye personar til denne oppgåva, men god informasjon ble gjeve på førehand med samling på Dyrskuplassen.
- **Trafikkhandtering**
  - Dette er oppgåver som løysast på staden etter behov på dei forskjellige dagane. Noko ulike meldingar om kva som skulle gjerast ved utkøyringa på sundag, men me meiner det løyste seg.

Hovudansvarleg for Morgedalsgjengen var til stades ein lengre periode kvar dag og utover dette tilgjengeleg på telefon om det skulle oppstå problem.

#### 5. Evaluering/tiltak til forbetring til neste års Dyrsku'n

- **Vaktinnsjekk**
  - Det var kaldt i bua om morgon. Det nye systemet med alfabetiske lister fungera særst bra og betre hadde det vore om alle hadde kome inn i systemet. Me registrera også at ansvarlege for dei ulike dugnadslaga hadde gjeve motstridande meldingar til sine folk og mykje var ikkje i tråd med dei rutinar og prosedyrar som Dyrsku'n presentera.  
Mykje støy rundt det å koma gratis inn fordi dei hadde jobba dugnad ein annan dag. Ei gruppe hadde av ansvarleg leiar blitt lova gratis inngang. Mange var ikkje klar over kva slags oppdrag dei var satt opp på og rekna med at dei i innsjekking kunne vise dei til rett stad og person.  
Ei del spørsmål omkring personar med utanlandske namn som ynskje å kome inn på området. Etter kvart blei det mange personar med same namn og påstandar om feilstaving osv.  
Vaksne som fylgde barn på dugnad kravde gratis inngang.
    - **Forslag til forbetring i vaktinnsjekk.**
      - Isolert bu med oppvarming.
      - Alle dugnadspersonar inn på same alfabetiske liste.
      - Dugnadsansvarlege for dei ulike laga må lese og formidle informasjon frå Dyrsku'n og sikre at alle har fengje og forstått kva arbeidsoppgåvene gjeng ut på.
      - Dersom namn kan misforståast må det framleggast ID i tillegg.
      - Dersom det krævast fylgje til dei som er ført opp på dugnadslistene må detta registrerast og avklarast på førehand.
- **Køyreportar**
  - På dagane før opning vart det gjeve tydeleg informasjon om korleis ein skulle handsame oppgåva. Frå fredag til sundag vart det gjeve motstridande meldingar og informasjon til dei ulike portvaktene. Etter ei tid skjønna me at ikkje alt kom frå dei ansvarlege for slikt og me fekk rydda opp.  
Det er mykje lappar, billetter, band, kort og fargar å halde styr på og i nokon tilfelle vart det ein deil diskusjon omkring forståinga av desse.

Me følte eit ansvar for å gje dei besøkande og utstillarar god informasjon om plassering og kor dei sentrale møtepunkta var. Eige kart som vaktene hadde skrivne ut heima var ikkje godt nok i regnvêr. Dyrsku'appen er ikkje tilpassa Android og difor vanskeleg å nytte på mobiltelefon. Det synast som me står overfor et generasjonsskifte for me møte usedvanleg mange «nye» ukjende besøkande som hadde behov for rettleiing.

- **Forslag til forbetring i køyreportar.**

- Store kart over området festa på porten.
- Høge stolpar på inne på plassen som stend sentralt i dei ulike områda og som kan fungera som møteplassar.
- Tilpasse Dyrsku-appen til Android og legge inn eit meir detaljert kart.
- Forenkla systemet med alle dei ulike band, lappar, billetter og fargar.
- Nok ein gong innprenta for utstillarar at alle papir og tillatelse skal vera på plass før dei slepper inn på området
- Lange køyretøy hadde problem med å nytte vegen mellom i700 og i800 grunna for smal veg og krappe svingar.
- Sjå til at det er tilgang til toalett for vaktene og at det kan kallast opp ein vikar for ei kortare tid.

- **Vaktleiar**

- Det førebunde møtet gav god informasjon og klare meldingar om kva som var forventa av vaktleiar.

- **Forslag til forbetring for vaktleiar**

- Ingen registrera.

- **Generelt**

- Det er nokon felles ting som gjeld alle dei som var på dugnad og det er mellom anna parkering. Fleir blei nekta parkering på utstillar- funksjonærparkering av dei som stod vakt der og blei då einvisa til privat parkering. Så kjem detta med inngang på dagar som ein ikkje er på vakt. For nokon oppfattast detta som urettferdig, sidan dei som er på vakt inne på området under publikumsdagane kan deltaka på Dyrsku'n-

- **Forslag til forbetring av parkering**

- Dei som kjem på dugnad må få høve til å nytte seg av gratis parkering.
- Dei som gjer dugnad i dei forberedande dagane til Dyrsku'n fer koma inn gratis ein gong mellom fredag og søndag.

- **Neste år**

- Vil me dela ut arbeidslistene i juli månad
- Nytt meir e-post til kommunikasjon
- Tidlegare ute med Facebook-gruppe
- Gje tydelegare informasjon om byte av vakter
- Markera tydelegare konsekvensane ved ikkje å møte opp i rett tid til vakta.

Me takker for oppdraget og håpar at me sjåast att neste år når ei ny Dyrsku gjeng inn i førebunde tider saman med sumarsola og varmen.

For Dølehalli Grendelag og Morgedal Idrottslag

Geir Notodden

Morgedal 20/9-2018